

## Tertialrapport 2/16 – Konesjonskraftomsetjing

	2016	2017	2018	2019	2020
Budsjett 2016/Øp 17-19	43 000	31 500	19 500	14 000	19 500
Ny prognose T 2/16	45 000	36 000	24 000	18 000	24 000
Endring	+2 000	+ 4 500	+ 4 500	+ 4 000	+4 500

### Føresetnader Budsjett 2016/økonomiplan 2017 - 2020:

Budsjettføresetnadane for B 2016/ØP 2017 - 2020 er basert på marknadsprisar og valutakursar per 01. mai 2016 og kjend konesjonskraftmengde i 2016 - 386 Gwh. Kostnadane ved kjøp av konesjonskraft inkl. innmatingsavgifter er berekna til 13,50 øre/Kwh. (11,42 + 2,08). Kostnader til bistand frå Markedskraft, kommunekraft, ulike gebyr etc. er berekna til 1 mill. kr.

I T1/16 vart budsjettet for 2016 redusert med 5 mill. kr til 43 mill. kr i høve opprinneleg budsjett.

For 2016 skal vi - etter vedteken normalsikringsstrategi for kraftsal - ha pris- og valutasikra 80 % av tilgjengeleg volum ved inngangen til budsjettåret. Andel pris- og valutasikra er pr. 01.09.16 på 73,07 %. Årsaka til den låge sikringsandelen er at fylkesrådmannen har nytta si fullmakt, jf. strategien pkt. 5:

*«5. Det vert gjeve høve til å avvike frå den vedtekne normalstrategien dersom prisforventningane i Markedskraft sin modell avvik meir enn 3 Euro frå marknadsprisen. Ein kan da enten auke eller redusere allereie sikra volum med inntil 30% av volumet i aktuell periode. Fylkesrådmannen får fullmakt til å ta ei slik avgjerd»*

Ein slik situasjon har vi hatt sidan 3. kvartal 2015. Fylkesrådmannen vil så snart som marknaden tilseier det få sikringsandelen innafor normalstrategien igjen.

### Ny prognose 2016

Ny prognose for konesjonskraft byggjer på marknads- og valutaprisar pr. 01. september 2016 og faktisk mengde konesjonskraft for 2016 - 386 Gwh. Ny prognose pr. T2/16 viser ein auke på 2 mill. kr i høve T1/16.

Vår prognosemodell tek utgangspunkt i systemprisen på evalueringstidspunktet. Vår kraft vert imidlertid selt i område 5 (Vest-Norge). Områdeprisen og systemprisen vil ofte avvike frå kvarandre - både positive og negative avvik. I tillegg har konesjonskrafta ein meirverdi som Markedskraft prøver å maksimere. I våre budsjettprognoser er desse samla vurdert til 0. Korleis utviklinga ut året vil bli er usikkert, men så langt ser det ut som det blir eit negativt avvik. Fylkesrådmannen rår til at vi estimerer det negative avviket til 1 mill. kr for heile 2016.

Ny prognose for 2016 er:

	2016
Budsjett 2016	43 000
Ny prognose T2/16	45 000
<b>Endring</b>	<b>+2 000</b>

### Prognose 2017 - 2020

Ny prognose for åra 2017 - 2020 baserar seg på same grunnlag som ny prognose for 2016. Ved rullering av planperioden er år 2020 sett lik 2019. Prognosen for økonomiplanen er basert på prisar pr. 20. april (a-dok 3/16). I høve økonomiplanen har prisen på elektrisk kraft auka for alle åra, men er fortsatt låge sett i historisk perspektiv. Prisbilete for økonomiplanperioden er fortsatt slik at prisforventningane i Markedskraft sin modell avvik meir enn 3 Euro frå marknadsprisane for alle

åra. Fylkesrådmannen har difor tilpassa sikringa i 2017/2018/2019 i høve si fullmakt – dvs. inntil 30% avvik frå normalstrategien.

Ny prognose for 2017-2020

	2017	2018	2019	2020
Budsjett 2016/Øp 2017-2019	31 500	19 500	14 000	19 500
Ny prognose T1/16	36 000	24 000	18 000	24 000
<b>Endring</b>	<b>+ 4 500</b>	<b>+4 500</b>	<b>+4 000</b>	<b>+4 500</b>

Dei relativt gode inntektene våre i 2017 kjem av tidlegare års prissikring jf. sikringsstrategi.